

---

Saksnr: 2020/62667-3  
Saksbehandlar: Sigrun Espe

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

**Etablering av felles digital formidlingsteneste for natur- og kulturhistorie i Vestland**

## Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vurderer ei ny felles digital formidlingsløyising saman med UiB, basert på dei to eksisterande tenestene Grind og Kulturhistorisk Leksikon.
2. Løyving til prosjektet vert å kome attende til i budsjettprosessen for 2022.

## Samandrag

Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen vil samarbeide om å formidle natur- og kulturhistoria vår i ei felles digital, kartbasert formidlingsløyising for Vestland fylke.

Ei slik felles formidlingsløyising vil dra nytte av dei to aktørane sine sterke regionale posisjonar: Fylkeskommunen som kommunal utviklingsaktør og universitetet som statleg kunnskapsforvaltar og -formidlar.

Målet er å starte arbeidet hausten 2021 og vere ferdig til lansering av tenesta sommaren 2022.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Prosjektnotat\_VLFK-UiB\_mai2021

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune v/Avdeling for kultur, idrett og inkludering og Universitetet i Bergen v/Universitetsmuseet vurderer å inngå eit langsiktig samarbeid om digital formidling av natur- og kulturhistorie i Vestland fylke. For å dekke heile fylket på ein best mogeleg måte ønskjer vi å samle eksisterande ressursar i ein felles digital inngang til natur- og kulturhistoria i Vestland.

For å oppnå dette har vi gjennomført eit forprosjekt. Konklusjonane frå dette arbeidet legg premisser for arbeidet vidare med utgangspunkt i tenestene Grind.no og Kulturhistorisk leksikon.no. Sjå sak 2020/62667 «Grind.no og Kulturhistorisk leksikon - samarbeid om digital formidling» frå oktober 2020 om oppstart av forprosjekt.

### Kvifor skal vi samarbeide om dette?

Fylkeskommunen og universitetet har begge ei målsetjing om, og eit ansvar for, å forvalte og formidle kunnskap om vår felles natur- og kulturarv, den historiske plattformen som regionen vår er bygd på.

Fylkeskommunen har eit regionalt ansvar for å legge til rette for at vår felles natur- og kulturarv vert teken vare på og formidla på ein god måte. Universitetet i Bergen, saman med andre forskings- og utdanningsmiljø i Vestland, har til oppgåve å forvalta og utvinna ny kunnskap og formidla denne til samfunnet.

### Digital formidling

Digital formidling av natur- og kulturminne har vore ei viktig satsing for begge dei tidlegare fylkeskommunane og for universitetet i Bergen. Universitetet si teneste grind.no vart lansert i 2009, og fekk eit stort digitalt løft med ny versjon i 2016. Fylkeskommunen si teneste, Kulturhistorisk leksikon, har sitt opphav i Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Arbeidet med Kulturhistorisk leksikon vart lansert i 1999, og var eit samarbeid mellom fylkeskommunen og alle dei 26 kommunane i fylket.

Ein viktig skilnad mellom dei to tenestene er at innhaldet på grind.no er basert på dei to kunnskapsbøkene om Hordaland, Kulturhistorisk vegbok (1993) og Naturhistorisk vegbok (2004), medan tekstane på Kulturhistorisk leksikon vart produsert for nett. Innhaldet på begge tenestene må uansett justerast og tilpassast ein ny digital kvardag dominert av små skjermar og meir utolmodige lesarar. For å skape ei god, felles digital formidlingsløyising basert på dei to eksisterande tenester, må ein tørre å legge vekk alt det kjende og starte mest mogeleg med blanke ark.

Eit viktig element som vi tek med oss vidare er kartet som inngangsport til innhaldet. Fylkesutvalet i Hordaland løyvde fondsmidlar i 2019 til å vidareutvikle grind.no og tilpasse kartet til den nye fylkes- og kommunestrukturen. Kartet brukt på grind.no i dag kan vi difor ta med vidare i ei ny fellesløyising:



Det andre hovudelementet i ei ny løysing vert eit fritekstsøk, noko liknande det vi finn på landingssida til Kulturhistorisk leksikon i dag:

## Krigsminne på Hovden i Ervik og på Kjerringa

Av Kjetil Ragnar Berge

Alt vinteren 1942-43 starta tyskanne arbeidet med vegen frå Ervik og opp til Hovden, men først sommaren 1944 var luftvernbanetiet klart på denne litt spesielle plassen.



Luftvernkanoner på Hovden

Det var den tyske marinen som bygde luftvernbanetiet på Hovden, og formålet var å verne ekspis skip og korvettar i skilgullet rundt Stad mot allierte forsynings. På alle kanon er det faset med 12 sjener, og når kanonane seg kolliderer der såkalla vegg opp når det er settast ved Stad. Men her plasserte tyskanne fire 30,5 cm luftvernkanoner, og ute på Little slovsten sett tyssastar og to 40 mm kanoner. Gjennom Hovden går ein 300 meter lang tunnel, og 20 meter av tunnelen vert det aucalet ei kabelbane ned til Little-Hovden der det er eit springer og ein liten buss. Bussstasjonen har ein endelig like lang sidestasjon med vassmåle i es spalte. Tunnelkloppet er opent, og det er sett opp informasjonsskiltar ved ein inngang til Hovden.



### Premiss for samarbeid

Prosjekteigarane Universitetet i Bergen og Vestland fylkeskommunen definerer målsettinga med tiltaket og er ansvarlege for langsiktig finansiering gjennom eigeninnsats og øyremerka tilskot til dekning av eksterne kostnader.

Styringsgruppa vert sett saman av representantar for leiinga ved Universitetet i Bergen og Vestland fylkeskommune, og for driftseiningane, Universitetsmuseet og seksjon arkiv. Ei prosjektgruppe har utøvande funksjon i prosjektet medan eit redaksjonsutval styrer fagleg prioritering og kvalitetssikring av innhald. Begge desse skal ha representantar frå seksjon arkiv og Universitetsmuseet.

Dei to eksisterande tenestene vert samkøyrde på ein sams teknisk plattform, bygd på drupal-løysinga UiB har nytta. Med ei ny fellesløysing er det berre ei teneste å halde ved like, i staden for to, og kostnader til drift, vedlikehald og teknisk utvikling vert mindre på sikt. Avtalen med Bouvet vert vidareført, og teknisk utvikling gjort siste året kan nyttast vidare i ei ny løysing.

Den nye formidlingsløysinga skal få ein ny nettdentitet, bygd på nytt namn, ny nettadresse og ny grafisk profil. Dette må ein koma attende til.

Målet er å tilby opne lenka data og mest mogeleg innhald publisert under fri lisens. Dette vil gjere det mogeleg for andre å bygge nye tenester basert på innhaldet.

Fellesløysinga skal vidareføre og styrke den digitale satsinga på natur- og kulturformidling på nynorsk, og på den måten fremje eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk og vise fram nynorsk som fullgodt språk også innan digital tekstformidling.

Innhaldsproduksjon vert dekkja av eigenproduksjon og strategiske samarbeid. På sikt kan det også vere aktuelt å bruke midlar på å honorere eksterne skribentar. Ut over dette er det ønskeleg å samarbeide med andre for å få inn relevante artiklar, som kommunar, museum og arkiv i Vestland, sogelag, reiselivslag osv. Dette vil skje i tråd med strenge retningslinjer og under redaksjonell oppfølging.

Vi ønskjer brukarmedverknad og vil invitere kommunar kome med innspel til kva av den lokale natur- og kulturhistoria dei ønskjer å løfte fram. Sogelag, institusjonar og andre kan også kome med innspel til kulturminne, hendingar, historiske personar mm. som bør formidlast. Medverknad i form av artikkelskriving vil også vere mogeleg i sjølve brukargrensesnittet. Funksjonalitet gjer at løysinga kan fungere som eit prosjektverktøy i skuleverket eller for lokale sogelag.

Målgruppene for ei ny felles formidlingsløysing vil spenne vidt:

- Ålmenta
- Aktørar innanfor kulturfeltet
- Aktørar innanfor reiseliv, fritid og turisme

- Aktørar innanfor utdanning og skule
- Kommunar, fylkeskommunar og statlege organ

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde, jf. pkt. 2. Oppgåver i reglement for folkevalde organ og delegering, som m.a. slår fast at fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Punkt 2.1.7. spesifiserer at fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Saka er lagt fram med utgangspunkt i vedtak hovudutval for kultur, idrett og integrering sak 2020/62667, 15. oktober 2020.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Løyvinga vil ha slike økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen:

- Investeringskostnad VLFK 2021/2022: kr. 500 000
- Årleg drift, lønsutgifter på seksjon arkiv, kr. 300 000: Fylkeskommunen si eiga teneste, Kulturhistorisk leksikon, vert avvikla. Magasinet Kjelda har også vorte avvikla. Vi omdisponerer arbeidstid brukt på desse to formidlingstenestene for å dekke eigeninnsats i form av lønsmidlar.
- Årleg drift, driftstilskot, kr. 200 000 vert betalt årleg til UiB for drift og vedlikehald av tenesta.

Det vert lagt til grunn at desse vert dekkja innafor budsjettet til sektoren. Løyving til prosjektet vert å kome attende til i budsjettprosessen for 2022.

##### **Klima:**

Ikkje relevant.

##### **Folkehelse:**

Formidlingsløyvinga skal vere ei kartbasert kjelde til kunnskap og lokalhistorisk informasjon, på sikt med opne, lenka data. Denne vil kunne fungere som ein turkamerat og vil gi ein kultur- natur- eller lokalhistorisk dimensjon til vandringar og turar i lokalmiljøa.

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ei felles digital formidlingsteneste for natur- og kulturhistorie i Vestland støttar fleire av måla og strategiane i utviklingsplanen for Vestland (sjå meir detaljar under). Løyvinga er også nyskapande i form og funksjon.

Gjennom arbeidet med denne fellesløyvinga vil vi styrke regional medverknad og samhandling både gjennom det formelle samarbeidet med Universitetet i Bergen, og ikkje minst i samarbeidet med andre aktørar, eksterne bidragsytarar, kommunar og lokale frivillige.

Arbeidet med digital kulturformidling er forankra i gjeldande regionale planar for kultur frå tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane, og er konkretisert i ulike satsingar i kapittel 6 og 7 i handlingsplanen 2021 for Vestland fylkeskommune, som byggjer på dei regionale planane for kultur.

Etablering av felles digital formidlingsteneste for natur- og kulturhistorie i Vestland vil ha ein meirverdi for brukarane våre. Publikum vil no finne natur- kultur- og lokalhistorisk innhald frå heile fylket i ein portal. Kommunar, næringsliv, organisasjonar og andre vil også kunne dra nytte av innhaldet for å skape lokale tilbod innanfor det natur- og kulturhistoriske feltet.

Når vi etablerer ei ny felles løysing vil vi setje brukarane sine behov i sentrum, og tenesta blir moderne og oppdatert. Innhaldet i tenesta er av historisk natur, men vi vil også jobbe med å løfte fram dette innhaldet og knyte det til dagsaktuelle prosessar og hendingar. For å skape gode lokalsamfunn er det ofte viktig å forstå historia til dette samfunnet og kva rammer det har vorte skapt innanfor.

I **regional planstrategi** er det skissert fire hovudmål som skal leggest til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Arbeidet med digital kulturformidling støtter opp om desse måla:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Ei kunnskapsbasert kjelde til natur- og kulturarv på nett gjer innhaldet meir tilgjengeleg og enklare å bruke vidare. Dette vil kunne bidra til vidare kunnskapsutvikling, innovasjon og formidling. Kvalitet og brukarane si oppleving av tenesta er viktig.

Eit av måla våre er å tilby opne lenka data og mest mogeleg innhald publisert under fribrukslisens. Kartfesta digitalt innhald om natur- og kulturarv vil til dømes kunne vere viktig for innhaldsutvikling innanfor reiseliv, kreative kulturelle næringar eller anna. Dette vil gjere det mogeleg for andre å bygge nye tenester basert på innhaldet.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Eit lokalsamfunn er bygd på lokal natur- og kulturhistorie. Spor etter menneske og dyr som har vore her før, er viktige for å forstå og identifisere seg med ein stad. Natur- og kulturarven er med på å bygge lokal identitet, stoltheit og tilhøyrse.

3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester. Digitale tenester som eit nettleksikon vil utjamne avstandsulemper ved at alle kan få tilgang til kunnskapsbasert materiale utan å vere avhengige av nærleik til høgare utdanningsinstitusjon, større bibliotek eller arkiv.

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Fleire eldre har etter kvart mykje digital kompetanse, og mange seniorar ønskjer å få tilgang til lokalhistoriske kjelder til privat bruk eller til bruk i lagsarbeid. Digital tilgang til kunnskapsbasert materiale kan legge til rette for mykje godt frivillig arbeid med lokalt natur- og kulturarvsmateriale. Dette samarbeidet mellom fylkeskommunen og høgare utdanningsinstitusjonane vil gi innbyggjarane i regionen ei digital kjelde til læring og kompetanseutvikling.

Konklusjon

Fylkesrådmannen presenterer konklusjonane frå forprosjekt gjennomført av representantar frå Universitetet i Bergen og Vestland fylkeskommune.

Forprosjektet gir råd om korleis og på kva premiss ei slik teneste skal byggjast opp og korleis fylkeskommunen og universitetet med utgangspunkt i tenestene Grind.no og Kulturhistorisk leksikon kan samarbeide om å formidle natur- og kulturhistoria vår i ei felles digital, kartbasert formidlingsløysing for Vestland fylke.